



Arkivnr: 2019/12232-1

Saksbehandlar: Ole Ingar H. Hæreid, Even Vaular

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.06.2019

**FTU Vestland - Tilskotsordningar, trafikktryggingspris og samarbeidsavtale med Trygg Trafikk****Samandrag**

I møte den 21.09.18, sak 35/18 vedtok Fellesnemnda å opprette eit trafikktryggingsutval for Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020.

I denne saka vil Fellesnemnda bli presentert for retningsliner for tre ulike tilskotsordningar som FTU kan/skal tildele etter søknad. Prosjektleiar rår fellesnemnda om å godkjenne framlegg til retningsliner.

Begge dagens fylke delar årleg ut kvar sin trafikktryggingspris. Det er tenkt at denne tradisjonen skal vidareførast gjennom oppretting av ein trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. I forslag til reglement for trafikktryggingsutvalet (FTU) vert det lagt opp til at utvalet skal dela ut ein slik pris, og sjølv fastsetja retningslinene for tildelinga.

Dagens to fylke har kvar sin avtale som regulerer samarbeidet Trygg trafikk har med det einskilde fylket og Statens vegvesen. Avtalane er basert på ein nasjonal mal for desse samarbeidsavtalane. Ein ny avtale må signerast for Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar ber om fullmakt til å inngå ein ny samarbeidsavtale, som fører vidare gjeldande forpliktingar dei to fylka har til samarbeidet.

**Forslag til vedtak**

1. Fellesnemnda godkjenner retningsliner for:
  - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
  - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
  - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar
2. Prosjektleiar får fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune. Avtalen skal føra vidare gjeldande forpliktingar i dagens samarbeidsavtaler i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Framlegg til retningsliner - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak VLFK
- 2 Framlegg til retningsliner - Tilskot kommunale trafikktryggingsplanar VLFK
- 3 Framlegg til retningsliner - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar VLFK
- 4 Framlegg - Samarbeidsavtale mellom VLFK og Trygg Trafikk

## **Prosjektleiar, 04.06.2019**

### **1. Bakgrunn for saka.**

#### Grunnen til at saka er fremja

I møte 21.09.18, sak 35/18 vedtok Fellesnemnda å opprette eit fylkestrafikktryggingsutval (FTU) for Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020.

Reglement for trafikktryggingsutvalet vart handsama av Fellesnemnda-AU 29. april, der prosjektleiar vart gitt fortsett fullmakt til å arbeida vidare med reglementa «på grunnlag av dei innspel FN-AU gjev i møte» (politisk sak 17/2019). Endeleg innstilling frå FN-AU til fellesnemnda kjem 11. juni, og fellesnemnda innstiller vidare til nytt fylkesting for endeleg avgjerd. Reglementet viser politisk samansetting, ansvarsområde, oppgåver m.m. som er lagt til dette organet.

Dersom fylkestrafikktryggingsutvalet skal tildele midlar til trafikktryggingstiltak i 2020 (med utlysing i 2019), er det nødvendig at både utvalet og administrasjonen har vedtekne retningslinjer som grunnlag for utlysing og tildeling av midlar. Dette krev at kriteria for tilskotsordningane kjem på plass snarleg. Då Nord- og Sør-Trøndelag gjekk saman til Trøndelag fylkeskommune frå januar 2018, hadde dei ikkje fått på plass dei nye tilskotsordningane for trafikktrygging. Dette medførte at dei ikkje fekk lyst ut og tildelt tilskotsmidlar det første året. Dette er ein situasjon me ikkje ønskjer å hamna i. Me veit at tilskotsordningane våre er viktige for å kunne realisera ulike typar tiltak, og ønskjer ikkje at eit viktig arbeid ute i kommunane vert sett på vent. Difor vert denne saka fremja no for fellesnemnda.

#### Dagens tilskotsordningar

Både Sogn og Fjordane og Hordaland har eit politisk trafikktryggingsutval i dag. Dagens utval tildeler midlar til ulike trafikktryggingstiltak etter søknad.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bruker om lag 6 mill. kr i året i tilskot til trafikktryggingstiltak og har følgjande tilskotsordningar:

- Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar. I 2019 var det sett av kr 700 000,- til fordeling etter søknad. Ordninga gjeld tilskot til gjennomføring av tiltak/prosjekt som fremjar trafikktryggleiken i fylket. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak innanfor haldningsskapande arbeid, opplæring og informasjon. Midlane kan og nyttast til mindre fysiske tiltak særskilt retta mot mjuke trafikantar eller til andre tiltak som FTU ønskjer å støtta. Tildeling av midlar skjer ein gong i året (februar kvart år).
- Trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar). I 2019 var det sett av 5 mill. kr til fordeling etter søknad. Ordninga gjeld i hovudsak fysiske trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale vegar, i samband med skuleveg og i nærmiljø der barn ferda. Tildeling av midlar skjer ein gong i året (februar kvart år).

Fylkestrafikktryggingsutvalet i Hordaland har dei siste åra hatt ei årleg budsjetttramme på 5 mill. kr, der om lag 3 mill. kr. har vore fordelt på tre tilskotsordningar og dei resterande midlane på andre satsingar under utvalet. I Hordaland har ein følgjande ordninga:

- Tilskot til mindre fysiske trafikktryggingstiltak i kommunane. I 2019 vart det på grunn av få søknadar sett av drygt 1,1 mill. kr (mot 2 millionar tidlegare år). Ordninga gjeld tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak på kommunal og fylkeskommunal veg.
- Tilskot til lokale trafikktryggingsarrangement. I 2019 vart det sett av 1,6 mill. kr. Desse vert delt ut gjennom tre ulike tildelinger gjennom året, med tilhøyrande søknadsfristar. Målet med ordninga er å stimulera til lokal og regional trafikktryggingsaktivitet i fylket. Målgrupper for ordninga er kommunar, skular, barnehagar, lag, foreiningar og organisasjonar. Ordninga gir mellom anna prioritert til arrangement i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet.
- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar. I 2019 vart det sett av 0,5 mill. kr., mot 0,3 mill. kr i 2018. Målet med ordninga er å styrka det kommunale trafikktryggingsarbeidet gjennom utarbeiding og jamleg rullering av planane for området.

I tillegg til dei budsjetterte tilskotsordningane har politikarane i Hordaland dei siste åra gjennom ekstraløyvingar i fylkesbudsjettet sikra ei tilskotsordning for større, fysiske trafikktryggingstiltak. I 2019 vart det gitt tilsegn om tilskot på til saman 35,5 mill. kr. Ordninga var i 2019 retta mot tiltak for trygg skuleveg, Hjertesone-tiltak og punktutbetringstiltak.

I tillegg tildeler trafikktryggingsutvala i begge fylka trafikktryggingsprisen kvart år til kommunar, lag eller foreiningar som har utmerka seg innan trafikktryggingsarbeidet. I Hordaland kan også prisen gis til enkelpersonar eller grupper som viser betydelig engasjement og innsats for betre trafikktryggleik. I begge fylka er prisen eit diplom og ein pengepremie på kr 25 000,-. Prosjektleiar ser føre seg at tradisjonen skal vidareførast gjennom oppretting av ein trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. I sak til fellesnemnda om reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune, vert det føreslått i reglement for trafikktryggingsutvalet (FTU) at utvalet skal dela ut ein slik pris, og sjølv fastsetja retningslinene for tildelinga. Fastsetting kan fint venta til FTU Vestland er oppe og går, då arbeidet med å førebu prisutdelinga først treng å ta til eit godt stykke inn i 2020.

### **Framlegg til retningsliner for tildeling av trafikktryggingsmidlar i Vestland fylkeskommune**

Med utgangspunkt i dagens tilskotsordningar i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er det utarbeidd framlegg til retningsliner for følgjande tre ordningar for trafikktrygging i Vestland fylkeskommune:

- **Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak**  
Føremålet med ordninga er å styrke trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Tilskot frå ordninga vert tildelt trafikktryggingstiltak på kommunal og fylkeskommunal veg retta inn mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker. Målgruppa for ordninga er kommunane i Vestland fylke. Det vert sett ei øvre tilskotsgrense som skal stimulera kommunane til å satsa på mindre, men viktige fysiske trafikktryggingstiltak som fort elles ikkje ville vorte gjennomført. Det vert stilt krav om kommunal eigendel. Vidare vert det stilt krav om oppdatert kommunal trafikktryggingsplan for å kunne få tildelt tilskot frå ordninga. Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt ein gong i året.
- **Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar**  
Føremålet med ordninga er å styrke det målretta trafikktryggingsarbeidet i kommunane. Tilskot frå ordninga skal gå til utarbeiding/revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar. Det er ein føremøn at kommunane kan visa til eit tydeleg eigarskap til planprosessen. Det er vidare ein føremøn at planarbeidet sikrar brei medverknad, og er godt forankra politisk og administrativt i kommunen. Det vert opna for at kommunane kan nytte midlar til utarbeiding av utgreiingar, delrapportar og liknande som er naudsynt for å sikre eit godt fagleg grunnlag for planen. Målgruppe for denne ordninga er kommunane i Vestland fylke. Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt ein gong i året.
- **Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar**  
Føremålet med ordninga er å styrke trafikantretta og førebyggande trafikktryggleiksaktivitet kringom i fylket. Ordninga gjeld tilskot til haldningsskapande tiltak, informasjonstiltak og opplæringstiltak (inkl. trafikantopplæring), i form av arrangement, kampanjar, aksjonar, prosjekt m.m. Midlane kan også nyttast til tiltak som t.d. Hjertesone-prosessar lokalt på skulane, sykkelopplæring i skulen m.m..

Følgjande kan søkje om tilskot: Kommunar, skular og barnehagar (inkl. FAU), lag og foreiningar, organisasjonar, institusjonar og aksjonsgrupper.

Det vert gitt prioritert til trafikktryggingsaktivitetar i kommunar som inngår i Trafiksikker kommune-arbeidet, og til frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingsarbeid. Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt to gonger i året.

Alle tilskotsordningane gjeld innanfor det geografiske området til Vestland fylkeskommune.

### **Samarbeidsavtale mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune**

Dagens to fylke har kvar sin avtale som regulerer samarbeidet Trygg trafikk har med det einskilde fylket og Statens vegvesen. Avtalane er basert på ein nasjonal mal for desse samarbeidsavtalane, og er difor i det store og heile like. Ein ny avtale må signerast for Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunane er forplikt til å sikra finansiering av drift og aktivitetar til Trygg trafikk i det einskilde fylket. Dette inkluderer kostnadene til reise, husleige, parkering, lager, kontorhald og IKT-utstyr, samt tiltaksmidlar til aktivitetar i fylka.

Tiltaksmidlane vert nytta i tråd med fylkeskommunale vedtak. Dei faste tilsette i Trygg Trafikk vert lønna av organisasjonen sjølv.

I Hordaland har Trygg Trafikk kontorstad på samferdselsavdelinga, medan dei i Sogn og Fjordane har tilhald hjå Statens vegvesen. Frå 2020 vert distriktsinndelinga i Trygg Trafikk endra i samsvar med fylkessamanslåingane. Trygg Trafikk i Vestland vil framleis ha to faste representantar med same lokalisering som i dag<sup>1</sup>. Representanten i dagens Sogn og Fjordane vil frå 2020 ha kontorstad på avdeling for veg og infrastruktur i Leikanger.

Det er uavklart kva eventuelle konsekvensar avviklinga av sams vegadministrasjon vil ha for innrettinga av samarbeidet mellom dei tre partane i dagens avtalar. Tilrådinga til Trygg Trafikk er å inngå ein samarbeidsavtale mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune no, og signera ein ny avtale for alle tre partar når Statens vegvesen si framtidige rolle er meir avklart enn kva den er i dag.

Prosjektleiar ber om fullmakt til å inngå ein ny samarbeidsavtale, i tråd med tilrådinga frå Trygg Trafikk. Samarbeidsavtalen vil føre vidare gjeldande forpliktingar dei to fylka har til samarbeidet med Trygg Trafikk. Forslag til ny samarbeidsavtale er vedlagt saka. Forslaget inneber ingen nye forpliktingar av betyding.

---

<sup>1</sup> I dag er det to faste tilsette distriktsleiarar i Trygg Trafikk i dei to fylka. I tillegg har Hordaland ei tidsavgrensa stilling for prosjektleiar av Hjertesone-prosjektet i Bergen kommune. Stillingsa er finansiert av kommune og HFK.